



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Protokoll frå fellesrådsmøte 10. september 2020

Desse møtte: Torbjørn Støylen (leiar og repr. frå Sykkylven sokneråd), Ellen Brautaseth Vatne (nestleiar og repr. frå Ikornnes sokneråd), Bergljot Hjortdal (repr. frå Ikornnes sokneråd), Bjørg Grebstad (2. vara, Sykk. sokneråd), Svein Runde (geistleg repr.) og Arild Sporsheim (kyrkjeverje).

Forfall: Birgitte J.S. Bonesmo (kommunal repr.), Odd Jostein Drotninghaug (1. vara, komm. repr.), Anita Sølvi Vollstad (2. vara, komm. repr.), Therese Kristin Utgård (repr. frå Sykkylven sokneråd), May Lisbeth Hovlid Aurdal (1. vara, Sykk. sokneråd).

F-sak 12/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent med merknad om at ny møtetid er fastsett til kl. 15:00.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 13/20 Protokoll frå fellesrådsmøte 28. mai 2020

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 14/20 Gjennomgang av rekneskapet

Økonomiutvalet orienterte fellesrådet om den økonomiske situasjonen pr. 31.07.2020.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesrådet tok det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 15/20 Kommunal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass 2021

Kyrkjeverjen orienterte om budsjettbehandlinga i økonomiutvalet og om forslaget til budsjett 2021.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesrådet (SKF) gjorde i F-sak 15/20 vedtak om budsjett 2021 med ei kommunal ramme på til saman kr. 4 816 475,- til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass for år 2021. Dette er eit budsjett i ballanse og med ein tredjedels nedbetaling av opparbeidd gjeld.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellelsråd

Avdelingsvis fordeling av kommunalt tilskot 2021

jf. F-sak 15/20

Kommunal ramme for 2021: kr 4 816 475,00

Månadleg tilskot:	Ant. mnd.:	Samla tilskot:	Administrasjon	Kyrkjer	Gravplass
			Avd. 41:	Avd. 42:	Avd. 43 (25%):
kr 401 372,92	12	kr 4 816 475,00	kr 105 360,39	kr 195 669,30	kr 100 343,23
Årstotal:		kr 4 816 475,00	kr 1 264 324,69	kr 2 348 031,56	kr 1 204 118,75

SKF framhevar at 25% av den totale ramma vi søker om eksplisitt gjeld den kommunale gravplassforvaltninga og viser til dialogen med økonomisjef Bergstrøm vedrørende dei tidlegare års underrapporteringar i forhold til dei reelle kostnadane. Det vises også til at vi har funne det rett å utgiftsføre uløna/frivillig arbeid i lovpålagt oppgåver som ei overføring til felles fond til sokneråda.

SAMANDRAG

Kyrkjene i Sykkylven-Ikornnes er viktige samlingsstadar for barn, unge, vaksne og eldre. Innholdsrike og funksjonelle lokaler gir mange tilbod til innbyggjarane i Sykkylven kommune og ei gjennomsnittleg veke samlar mykje folk til meir enn 30 ulike aktivitar. Det være seg foreldre barn, søndagsskule, studiedag for lærarar, barneklubb, gravferder, dåpsselskap, korøvingar, gudstenester, samværsstad i regi av barnevern, middag, leiarutining, bandøvingar, bønesamlingar, alternativ rus(s), konsertar, konfirmatundervisning, speidaropptak, ungdomskveldar, tysdagstreff/formiddagstreff, for å nemne nokon. I tillegg til trusopplæring er det med stort frimod at vi også peikar på kyrkja som viktig aktør både i kulturlivet og i folkehelsearbeidet i bygda vår.

Manglande kommunal bevilgning gjer at kyrkjeleg fellelsråd har opparbeid seg eit stort uindekka meirforbruk. Dette til tross for stor grad av frivillig/uløna innsats og soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt. Hovudårsakane til meirforbruket er mangelfull etterbetaling for lønns- og prisvekst og underrapporterte utgifter til gravplassforvaltninga. Sykkylven kommune brukar med dette mindre enn 1% av totale netto driftsutgifter til netto driftsutgifter kyrkje, noko som er mindre enn samanliknbare kommunar og KOSTRA-gruppe 7.

GRUNNGJEVING

Underrapporterte utgifter til gravplassforvaltninga

I slutten av april 2019 var fellelsrådsleiar, -nestleiar og kyrkjevevjen i møte med økonomisjef Bergstrøm og då vart det tydeleggjort at gravplassforvaltninga er underrapportert i forhold til dei reelle kostnadane. Dette gir seg særleg utslag i budsjettpostane som gjeld lønn, arbeidsgjevaravgift og pensjon for utarbeidarane, den interne overføringar knytt til administrative lønnskostnader, samt budsjettposten for graving av graver.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Korrigeringsane for dette gjer at fordelingsnøkkelen til gravplassforvaltning er endra frå 15% i 2010 til 25% i 2020. Dette betyr at det kommunal tilskotet til trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes er sterkt redusert. **For 2021 utgjer denne endringa heile kr. 481 648,- i auka fordeling til gravplassforvaltninga**, som eksplisitt gjeld den kommunale gravplassforvaltninga for alle kommunens innbyggjarar uavhengig av trus- og livssyn.

Vedlagt (vedlegg 1) kommunestyrevedtak den 20.09.2010 dokumenterer kva fordelingsnøkkel som vart brukt. Den viser også at vi fekk på plass ein garanti for meirkostnader til graving av graver. Utfordringa er at kostnaden med kr. 5800,- pr. grav i 2010 er auka til kr. 6850,- i 2020. Dermed er budsjettposten (avd. 43, kontonummer 18300) kr. 420 000,- for 2021, mot kr. 350 000,- i 2010.


Stort avvik mellom søknad og tildeling

Som tabellane nedanfor viser er det stort avvik mellom søknadsbeløp og tildelingsbeløp.

Kommunal tildeling 2010-2020

Til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass.


2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
kr 3 564 000	kr 3 531 592	kr 3 629 000	kr 3 629 000	kr 3 629 000	kr 3 829 000	kr 3 933 000	kr 3 933 000	kr 3 933 000	kr 4 033 000	kr 4 168 000
Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:
kr 1 000	kr -32 408	kr 97 408	kr -	kr -	kr 200 000	kr 104 000	kr -	kr -	kr 100 000	kr 125 000
0,03 %	-0,91 %	2,76 %	0,00 %	0,00 %	5,51 %	2,72 %	0,00 %	0,00 %	2,54 %	3,10 %



Søknad om kommunal ramme 2011-2020

Til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass.

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
kr 3 743 000	kr 3 920 000	kr 4 010 000	kr 4 010 000	kr 4 170 400	kr 4 295 512	kr 4 424 377	kr 4 601 532	kr 4 584 839	kr 4 699 000
Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:	Endring:
kr 177 000	kr 90 000	kr -	kr 160 400	kr 125 112	kr 128 865	kr 177 155	kr -16 693	kr 114 161	
4,73 %	2,30 %	0,00 %	4,00 %	3,00 %	3,00 %	4,00 %	-0,36 %	2,49 %	





DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Krav om årleg løns- og prisjustering

Lik dei kommunale einingane har kommunestyret vedtatt at den kommunale rammeløyvinga til Sykkylven kyrkjelege fellesråd også skal justerast årleg for lønns- og prisvekst. Dessverre har ikkje dette skjedd årleg. Rammeendringa frå år 2014 til 2015 skyldast ei oppsamla etterbetaling for lønns- og prisvekst og i tildelingsbrevet frå kommunen stod det følgjande: «Tilskotet til Kyrkjeleg fellesråd har vore fryst frå år 2010 tom år 2014. I budsjett for år 2015 vart det lagt inn midlar til lønns- og prisjustering etter den kommunale deflatoren (satsen staten nyttar ved vidareføring av løyvingar).». Men som tildelingstabellen ovanfor (*kommunal tildeling 2010-2020*) viser har tilskotet på nytt vore fryst frå 2016 til 2018 før ei ny etterbetaling for 2019 med følgjande kommentar: «Bakgrunnen for auken i ordinært driftsbudsjett er lønns- og prisauke.». For 2020 var det ingen kommentar, men det var gjort ei auke på 3,1%.

Det må være eit krav frå Sykkylven kyrkjelege fellesråd at justeringa for lønns- og prisvekst skjer årleg. Vi må også kunne forvente ein kommentar og ei enkel oppstilling som viser utrekningsgrunnlaget for det tillagte beløpet.

Udekka underskot


Resultatet av dei låge tildelingane er at den nyare rekneskapshistoria til Sykkylven kyrkjelege fellesråd prega av meirforbruk/underskot.

Disposisjonsfondet pr. 31.12.2019 viser ein negativ saldo på kr. 234 893,-.

Årsresultat 2012-2019

Drift administrasjon, kyrkjer og gravplass.

	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>	<u>2019</u>
Rammeløyving:	Rammeløyving:	Rammeløyving:	Rammeløyving:	Rammeløyving:	Rammeløyving:	Rammeløyving:	Rammeløyving:	Rammeløyving:
Negativ saldo	kr 3 629 000	kr 3 629 000	kr 3 629 000	kr 3 829 000	kr 3 933 000	kr 3 933 000	kr 3 933 000	kr 4 033 000
frå før 2012:	Årsresultat:	Årsresultat:	Årsresultat:	Årsresultat:	Årsresultat:	Årsresultat:	Årsresultat:	Årsresultat:
kr	-27 741	kr -23 492	kr 51 233	kr -119 046	kr 40 429	kr -157 211	kr -142 674	kr 104 400
								kr 39 210



Udekka underskot pr. 31.12.2019 = kr -234 893

Postadresse:
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Besøksadresse:
Kyrjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Tlf.: 70 24 69 00 / 996 29 130
E-post: post@sykkylven.kyrkja / kyrkjevege@sykkylven.kyrkja
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976997298 Kontonr.: 4045.30.34315



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Store tiltak for å sikre eit positivt årsresultat i åra 2018 og 2019

Årsaka til dei økonomisk positive årsresultata i 2018 og 2019 skyldast i hovudsak 2 store tiltak, samt reduserte lønnsutgifter.

Det første tiltaket omhandlar eit beløp på kr. 150 000,- som ikkje vart overført/rammefordelt til sokneråda for 25% lønn til ungdomsarbeidar. Ungdomsarbeidet er eit av satsingsområda til kyrkja og i samband med dette har vi fram til år 2017 fordelt ein del av den kommunale ramma til 25% løn av Ungdomsarbeidar. Denne fordelinga har si historie tilbake til kommunens og politikaranes konkrete tiltak for å førebygge nye tilfelle av overdose blant bygdas ungdomar. Av ulike arbeidsoppgåver til denne ungdomsarbeidaren kan nemnast; Open Storhall, Alternativ Rus(s) og MOT Sykkylven. Utfordringa for Sykkylven kyrkjelege fellesråd er at desse midlane ikkje er «friske» pengar gitt som ekstra løyving, men er baka inn kommunens rammetilskot til drift av administrasjon, kyrkjer og gravplass. Her viser vi til fleire møter med økonomisjef Bergstrøm og tidlegare rådmann Lillestøl og dåverande rådmann Molvær Grimstad med melding om at vi ikkje er forplikta til å overføre dette beløpet. Vi viser også til at dette ikkje er ei lovpålagt oppgåve for Sykkylven kyrkjelege fellesråd som med dette har gitt ei betydeleg auka belastning til sokneråda.

Det andre tiltaket omhandlar at vi berre brukte kr. 114 903,- av investeringstilskotet på kr. 300 000,- for 2018. Dette er om lag kr. 90 000,- lågare enn den budsjetterte målsettinga. SKF budsjetterte altså med ein redusert bruk som tiltak for å redusere det opparbeida underskotet på kr. 378 502,- ved inngangen til 2018. Vi viser til manglande utbetaling av investeringstilskot 2016 som mandat for å gjere dette. Utfordringa er at utsetting av viktige investerings- og vedlikehaldsprosjekt gir uheldige konsekvensar både for den daglege drifta og ved å kunne forverre tilstanden eksempelvis til sidetaka på Ikornnes kyrkje som må skiftast ut grunna dårleg tilstand.

Dei reduserte lønnskostnadane i 2019 var om lag kr. 100 000,- grunna langtidssjukmelding og vakanse. I tillegg har vi punktet nedanfor i forhold til manglande utgiftsføring av uløna/frivillig innsats i kommunalt lovpålagte oppgåver.

Uløna/frivillige medarbeidarar i lovpålagte oppgåver

Dei lovpålagte oppgåvene til Sykkylven kyrkjelege fellesråd er prega av uløna/frivillige medarbeidarar. Vi har mellom anna erstatta ei 20% kyrkjetenarstilling med til saman 12 frivillige kyrkjetenarar i begge kyrkjene. I 4 år, frå 2014-2018, hadde vi også ein frivillig økonomi-medarbeidar i om lag 20% stilling. Mange ulike bygg og vedlikehaldsprosjekt har også blitt gjennomført med bruk av frivillige/uløna medarbeidarar, samt ulike lag og organisasjonar.

I samråd med økonomiutvalet finn vi det rett å utgiftsføre kr. 75 000,- som intern overføring (avd. 42, konto 13800) til felles fond for sokneråda, trusopplæringsfondet for barn og unge. Den uløna/frivillige innsatsen som kyrkjetenarar i kommunalt lovpålagte oppgåver kjem dermed kyrkjelydsarbeidet til gode.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Likviditet grunna lån frå kyrkjelydane sine innsamla midlar

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) har med andre ord ingen likviditet/kapital i seg sjølv. Dette har vi i kraft av lån frå sokneråda. SKF kan difor presentere det udekka underskotet som eit disposisjonsfond med negativ saldo. Dette ved at vi har lånt eit tilsvarande beløp frå Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd sine fond med innsamla midlar.

Soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt

Vidare er forvaltninga og drifta av kyrkjene også i sterk grad prega av økonomiske bidrag frå både Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd. Samla sett for åra 2014-2019 utgjer dette så mykje som kr. 2 708 000,- (jf. vedlegg 2-7). Dette gir seg direkte utslag i kyrkjenes både utsjånad og funksjonalitet.

Kyrkjene som kulturbygg

Kyrkjene i Sykkylven er i stor utstrekning brukt til konsertar og andre kulturelle arrangement. Vi kan mellom anna vise til godt samarbeid med kultureining i kommunen, med skular, barnehagar og ikkje minst dei ulike kor og korps i bygda. P.t. øver desse kora fast ein gong i veka i kyrkjene: Jubasong, Sykkylven Gospelkor, Velledalskoret og Hundeidvik blandakor. Dette i tillegg til kora i regi av kyrkja sjølv.

Kyrkja som viktig aktør i folkehelsearbeidet

Som dei ulike punkta ovanfor også viser har svært mange av kommunens innbyggjarar ulike tilknytningar og relasjonar til kyrkja sitt arbeid. Verdiformidlinga, trusopplæringsarbeidet, tenestetilbodet og fellesskapsbygginga er ulike eksemplar på kyrkja sin innsats for direkte eller indirekte å fremme befolkningas helse og trivsel. Dette kan seiast å være viktige faktorar i det førebyggjande arbeidet, men som i utgangspunktet er vanskeleg å måle/talfeste.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 16/20 Høyring av ny forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja

Vedtak:

Økonomiutvalet fekk mandat til å behandle saka og gi høyringsuttale på vegne av Sykkylven kyrkjeleg fellesråd.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Orienteringssaker:

- Endringar i gravferdslova frå 2021.
- Ansvars- og ulykkesforsikring
- Personalsituasjonen p.t.

Neste møte: Torsdag 03.12.2020 kl. 15:00 i kyrkjesal 1, Sykkylven kyrkje.

Ref.:

Arild Sporsheim

Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Sign.: _____
Leiar

Sign.: _____
Nestleiar

Vedlegg 1: 2010.09.20 Melding om vedtak. Finansiering av graver i kommunen.

Vedlegg 2: Investeringar og vedlikehald i 2019

Vedlegg 3: Investeringar og vedlikehald i 2018

Vedlegg 4: Investeringar og vedlikehald i 2017

Vedlegg 5: Investeringar og vedlikehald i 2016

Vedlegg 6: Investeringar og vedlikehald i 2015

Vedlegg 7: Investeringar og vedlikehald i 2014

Vedlegg 8: Budsjett 2021 – samleoppstilling



Sykkylven kommune
Servicetorget

Sykkylven kyrkjelege fellesråd
Postboks 161
6230 SYKKYLVEN

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 27.09.2010
Vår ref.: 2009/798-8471/2010
Klassering: 150

Saksbeh.: Heidi Heggem
Telefon: 70246657

Melding om vedtak
Finansiering av graver i kommunen

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 20.09.2010

Behandlingsinformasjon:

Samrøystes vedtak: som tilrådinga frå formannskapet.

Vedtak:

Budsjettet til Sykkylven kyrkjeleg fellesråd vert oppdelt på følgjande måte:

1. Administrasjon: kr 3.600.000 * 85%: 3.060.000
Kyrkjegardane: kr 3.600.000 * 15%: 540.000
- Stell/vedlikehald kr 190.000
- Graver kr 350.000
2. Dersom det i budsjettåret vert greve meir enn 60 graver, aukar kommunen løyvingane til graver med kr 5.800 pr grav. Budsjettet vert redusert tilsvarende ved færre graver.
3. Endringa gjeld frå budsjettåret 2011.

Med helsing


Heidi Heggem
konsulent

Kopi til:
Ole-Johan Lillestøl



Sykkylven kyrkjelege fellesråd Kyrkjeverjen

Orienteringssak: Investeringar og vedlikehald i 2019

I 2019 vart det brukt om lag kr. 400 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Prosjekt E-feltet på gravplassen, flytting av ca. 115 gravminner
- Rep. av kjøleaggregat til bårerommet
- Rep. av utelys ved Ikornnes kyrkje
- Rep. Av kyrkjestolar i Sykkylven kyrkje
- Diverse lydutstyr
- Diverse data- og kommunikasjonsutstyr
- Førstehjelpsstasjonar
- Teleslynge til Ikornnes kyrkje
- Ny varmepumpe i Ikornnes kyrkje
- Nye fastmerker til gravplassen
- Vedlikehald av vegar, gravplassen
- Solda mold og fjerning av stubbar, gravplassen
- Nye søppelstativ til gravplassen

2019 er også prega av ein stor del soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av gåvemidlar og fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 1 250 000,- har i hovudsak gått til:

- Nytt kjøkken i Ikornnes kyrkje
- Flygel i Ikornnes kyrkje
- Cembalo i Sykkylven kyrkje
- HMS-utbetringar av stolane i kyrkjekjellaren, Ikornnes kyrkje
- Diverse lyd- og datautstyr

Sykkylven, 13.02.2020

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar



Sykkylven kyrkjelege fellesråd Kyrkjeverjen

Orienteringssak: **Investeringar og vedlikehald i 2018**

I 2018 vart det brukt om lag kr. 115 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Rep. av varmestyringa i Ikornnes kyrkje
- Rep. av viftemotor i Ikornnes kyrkje
- Digitalisering av gravkart, gravplassen
- Ny steinklype, gravplassen
- Ny tilhengar til plenklippar, gravplassen
- Rydding og grusing av vegar, gravplassen
- Rep. av ventilasjonsanlegget i Sykkylven kyrkje

2018 er også prega av ein del soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 140 000,- som har gått til:

- Digitale infoskjermar (2 stk.) i Sykkylven kyrkje
- LK Hjelle sofaer (2 stk.) i Sykkylven kyrkje, inngangspartiet/våpenhuset
- Bord (5 stk.) i Sykkylven kyrkje, inngangspartiet/våpenhuset
- Oppussing av aktivitetsrommet i Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren
- Diverse datautstyr
-

Sykkylven, 12.02.2019

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar



Sykkylven kyrkjelege fellesråd Kyrkjeverjen

Orienteringssak: **Investeringar og vedlikehald i 2017**

I 2017 vart det brukt om lag kr. 220 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Ny varmestyring i Ikornnes kyrkje
- Relegging av skiferheller ved utvendig inngangsparti
- Diverse taleutstyr i Sykkylven kyrkje
- Rep. av ventilasjonsanlegget i Sykkylven kyrkje
- Diverse datautstyr
- Digital oppteikning av Sykkylven kyrkjegard
- Ny grasklippar til Sykkylven kyrkjegard

2017 er også prega av ein del soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 410 000,- som har gått til:

- Lyddemping av kyrkjestova, Ikornnes kyrkje
- Bygging av scene i kyrkjestova, Sykkylven kyrkje
- Nytt tale- og songanlegg i Sykkylven kyrkje, kyrkjestova
- Nye projektorar i Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren
- Nytt flyttbart bord til miksepulten i kyrkjerommet, Sykkylven kyrkje
- Montering av lys i klokketårnet, Sykkylven kyrkje

Sykkylven, 19.02.2018

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar



Sykkylven kyrkjelege fellesråd Kyrkjeverjen

Orienteringssak: **Investeringar og vedlikehald i 2016**

I 2016 vart det brukt om lag kr. 310 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Retekking av hovudtaket til Ikornnes kyrkje
- Takarbeid Sykkylven kyrkje
- Ny teletinar til Sykkylven kyrkjegard
- Diverse lydutstyr til Sykkylven kyrkje
- Diverse kontorutstyr på kyrkjekontoret

2016 var også prega av ein del soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 250 000,- som gjekk til:

- Ferdigstilling av oppussing av kyrkjekjellaren i Ikornnes kyrkje
- Ny digital mixepult i Ikornnes kyrkje, kyrkjerommet
- Nytt tale- og songanlegg i Ikornnes kyrkje, kyrkjestova
- Diverse lydutstyr i Sykkylven kyrkje
- Nye prosjektørar i Sykkylven kyrkje

Sykkylven, 04.09.2017

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar



Sykkylven kyrkjelege fellesråd Kyrkjeverjen

Orienteringssak: **Investeringar og vedlikehald i 2015**

I 2015 vart det brukt om lag kr. 240 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Ny lysstyring m/LED-belysning i Sykkylven kyrkje, kyrkjerommet
- Diverse kontorutstyr (arbeidspult, datautstyr)
- Ferdigstilling av naudlys i Ikornnes kyrkje
- Div. utstyr til Ikornnes kyrkje (varmeovnar, dimmar til lys v/alter)
- Ny vifteinnsats og takhatt til ventilasjonsanlegg i Sykkylven kyrkje
- Ny automatikk til klokkeringinga i Sykkylven kyrkje
- Ny varmtvatsberedar til Sykkylven kyrkje
- Vasking av glaskuplane (88stk.) i Sykkylven kyrkje, kyrkjerommet
- Ny lyktestolpe ved kapellinngangen (blir ferdigstilt i 2016)
- Maling av driftsbygninga v/kyrkjegarden
- Div. arbeid og utstyr på kyrkjegarden

2015 var også prega av ein del soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 308 000,- som gjekk til:

- Oppussing av kyrkjekjellaren i Ikornnes kyrkje
- Fibertilkopling i Ikornnes kyrkje
- Kjøp av digitalmikser til Sykkylven kyrkje
- Sofaer og bord til kyrkjesal 2, Sykkylven kyrkje
- Garderobeinnredning til kyrkjetorget i Sykkylven kyrkje
- Nytt understell til døypefonten i Sykkylven kyrkje
- Klatrevegg, ribbevegg m/tjukkas til aktivitetsrommet i Sykkylven kyrkje
- Kjøp av mobilt lydannlegg saman med Sykkylven Gospelkor

Sykkylven, 09.02.2016

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar



Sykkylven kyrkjelege fellesråd Kyrkjevevjen

Orienteringssak: Investeringar og vedlikehald i 2014

I 2014 vart det brukt om lag kr. 210 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Nye trådlause talemikrofonar i begge kyrkjene (grunna krav om byte av frekvens)
- Breiband inkl. EL-arbeid i begge kyrkjene (Ikornnes kyrkje manglar intern tilkopling)
- Større reparaasjon av ventilasjonsanlegget på kyrjekontoret
- Diverse kontorutstyr
- Naudlys i Ikornnes kyrkje
- Materiell til nytt golv, lagerrom Ikornnes kyrkje
- Feilsøking og utbetring av utelys, Ikornnes kyrkje
- Ny belysning i ventilasjonsrom/teknisk rom, Sykkylven kyrkje
- Reparasjon av tak og takstige, Sykkylven kyrkje
- Beplanting i rundkøyringa og ekstra arbeid ved klokkeårnet, Sykkylven kyrkje (til dette mottok vi også kr. 50 000,- i støtte frå Sykkylven Rotary og Gjensidige)
- Diverse arbeid og utstyr på kyrkjegarden

2014 var også prega av ein del soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 350 000,- som gjekk til:

- Krossutsmykking av Ikornnes kyrkje
- Automatiske dørøpnarar i begge kyrkjene, inkl. kyrjekontoret
- Endring av frontpartiet i Sykkylven kyrkje (podium)
- Trinn 1 av nytt tale- og songanlegg i Sykkylven kyrkje

Sykkylven, 04.02.2015

Arild Sporsheim
Kyrkjevevje / Dagleg leiar



Sykkylven kyrkjelege fellesråd
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

BUDSJETT 2021 - samleoppstilling

		Budsjett	Kommentar
INTEKTER	41 - Kyrkjeleg administrasjon	kr 1 815 454	
	42 - Kyrkjer	kr 2 933 032	
	43 - Kyrkjegard	kr 1 681 119	
	SUM inntekter	kr 6 429 604	
KOSTNADAR	41 - Kyrkjeleg administrasjon	kr 1 770 756	
	42 - Kyrkjer	kr 2 960 138	
	43 - Kyrkjegard	kr 1 604 412	
	SUM kostnader	kr 6 335 306	
Over- /underskot før finans		kr 94 298	Meirforbruk pr. 31.12.2019 fordelt nedbetalt over 3 år
15000 Renteutgifter / Låneomkostningar			
15200 Utlån - Kjøp av aksjar og andelar (KLP)		kr 16 000	
15300 Dekking av tidlegare års negative resultat. (Kr. 234 893,- pr. 31.12.2019)		kr 78 298	
15400 Avsetningar til ubundne fond			
Sum finanskostnader		kr 94 298	
19000 Renteinntekter			
19001 Andre renteinntekter			
19400 Bruk av ubundne fond - disposisjonsfond			
19500 Bruk av bundne fond			
Sum finansinntekter		kr -	
Resultat		kr -	